

KARMØY KOMMUNE
Postboks 167

4291 KOPERVIK

Dykkar ref.:

Dato: 28.11.2023

Saksnr.: 2023/70554

Dok.nr.: 1

Sakshandsamar:

Kristian Valen

Invitasjon til kurs i kulturmiljø

Rogaland fylkeskommune har starta eit tilbod om besøk og kurs i kulturmiljø for alle kommunane i Rogaland. Vi ønsker å besøke alle kommunane i løpet av ein fireårsperiode.

Kursa blir planlagt saman med kommunen, slik at innhald og opplegg er tilpassa til dei ulike behov, utfordringar og moglegheiter i kvar kommune og til kva kulturmiljø som er viktige i kommunen.

Vi ønsker å møte dei tilsette i kommunen som i større eller mindre grad møter kulturmiljø i jobben, og bidra til at kommunane kan få nye perspektiv til eige arbeid og bidra til styrka dialog og samarbeid. Kursa er ein del av oppfølginga av Regionalplan for kulturmiljø.

I oktober 2023 var fylkeskommunen på besøk til Gjesdal kommune og heldt kurs for tilsette innan kultur, byggesak, plan, landbruk og næring. Tema her var blant anna gjenbruk av eldre bygg, stadutvikling, planarbeid, støl og utmark, lokalhistorie og regionalplan for kulturmiljø. Kurset varte ein halv dag, og inkluderte synfaring av industristaden Ålgård. Besøket bidrog til at fleire fekk kjennskap til fylkeskommunen, og lærte om kulturmiljø. Konkrete problemstillingar for Gjesdal ble diskutert og mange fekk nye perspektiv. Samlinga bidrar til betre samarbeid mellom fylkeskommunen og Gjesdal kommune framover.

Rogaland fylkeskommune vil planlegge og sette datoar for kurs i kulturmiljø for fleire kommunar i 2024 og 2025. Vi ber dykk om tilbakemelding til oss innan utgangen av 2023 om når det er ønskeleg med ein slik samling. Skriv gjerne kva månader som er mest aktuelle. Vi vil legge vekt på tilbakemeldingar frå kommunane i planlegginga av kommande kurs.

Send brev eller e-post til kristian.valen@rogfk.no

Helsing
Marianne Enoksen
seksjonssjef

Kristian Valen
rådgjevar

Kopi til:
STATSFORVALTAREN I ROGALAND

Vedlegg:

Dette dokumentet er godkjent elektronisk. Ver vennleg å oppgje vårt saksnr når du svarar på brevet.